

# **MIGRASONG**

## **– tonane dei bar med seg over havet**

**av Reidun Horvei**

### **OM FRAMSYNINGA**

Framsyninga «**Migrasong-tonane dei bar med seg over havet**» er samansett på grunnlag av eit stort historisk materiale. Me fylgjer den 16-årige Olina og den 17-årige Ananias si reise til Amerika på slutten av 1800 talet. Ein vakker vårdag tok dei englandsbåten frå Bergen til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika. Bagasjen skulle ikkje vega meir enn 75 kg, men songane dei bar med seg vog ingen ting og for mange var songen og musikken det kjæraste dei hadde. Nordmenn slo seg ned i einsemda på prærien eller flokka seg i små lokalsamfunn. Dei hegna om språket og eigne levemåtar, dei slapp ikkje taket i sin eigen kultur. Dei heldt saman. Gjennom sjøfart og folkevandring vart songen spreidd, før som no. Frå heile verda der menneska kjem i kontakt med kvarande oppstår det nye songar.

### **MUSIKKEN**

Musikken i framsyninga er bygd på folketonar og songar som utvandrarane tok med seg frå heimlandet og dei nye songane som oppstod og vart skrive der dei kom. Tekstane var fulle av lengt og draumar om det livet som var levd og det som fanst i fantasien om deira nye tilværet. «Migrasong – tonane dei bar med seg over havet» skildrar eit levevis gjennom ulike røyster og miljøskildringar, farga av situasjonen som mange flyktningar og innvandrarar både i USA og Noreg lever under i dag.

«**Migrasong-tonane dei bar med seg over havet**» er vel ein times musikk- og forteljarprogram framført av songaren Reidun Horvei som også har skrive denne framsyninga. Gitaristen Øyvind Lyslo og organisten Per Inge Hove har laga arrangementa og akkompagnerer henne.

Den visuelle klangbotnen vert eit biletspel prosjektert som ein bakgrunn og vil fungera som ei fordjuping av utvandrarane sitt levevis og er integrert med scenebiletet og går i dialog med spelet på scenen. Bileta er tilrettelagt av Steffen André Hagen, og Tore Nysæther har regien. Framsyninga er tinga av MuHo, Museumssenteret i Hordaland, og Hordaland fylkeskommune er glade for også å kunne syna fram denne «konserten» for mange kommunar i Hordaland.

### **MEDVERKANDE**



**Reidun Horvei   Øyvind Lyslo   Per Inge Hove**

**Reidun Horvei** har i ei årrekke arbeidd som frilans songar og kvedar. Ho har hatt konsertturnear over store deler av Noreg med særskilde program for Rikskonsertane både innan klassisk musikk, ny musikk, vise og folkemusikk. Ho har fleire gonger vorte engasjert ved Festspela i Bergen, Hardingtonar, Hardanger Musikkfest og Osafestivalen og har turnert og medverka under festivalar i, Europa, USA og Midtausten. Reidun Horvei har sidan 1992 vore fylkesmusikar i Hordaland og sett saman fleire historiske framsyningar.

**Øyvind Lyslo** er gitarist, komponist, arrangør og produsent. Lyslo vart nominert til Spelemannsprisen for CD-en «Syngande strenger», og har medverka på mange CD-innspelingar. Han har hatt ei rekke konsertar i Europa, men også i Venezuela, Japan og Øst-Timor. Han samarbeider med musikarar innan ei rekke sjangrar som Arne M. Sølvberg og Reidun Horvei, og er også medlem av Den Norske Gitartrio saman med Njål Vindenes og Egil Haugland. Lyslo er tilsett som fylkesmusikkleiar i Sogn og Fjordane, i tillegg til å vere frilansmusikar og gitarpedagog.

**Per Inge Hove** arbeidar som kantor på Osterøy, frilansmusikar og komponist og arbeider innan eit breitt spekter av sjangrar. Han er utdanna frå Griegakademiet, Bergen, der han mellom anna studerte kyrkjemusikk og komposisjon med fordjuping i improvisasjon og tradisjonsmusikk. Per Inge har komponert mykje musikk og arbeidd med eletroakustisk musikk og rekomposisjon. Han har i mange år vore aktiv som musikkprodusent, konsulent og konsertarrangør. I 2017 var han kurator for musikk og scenekunst i høve Reformasjonsjubileet i Bergen 2017 og er i dag kantor i Fana kyrkje.